



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 17.03.2016  
**Møtestad:** Møterom Børilden  
**Møtetid:** 10:00 – 16:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	H	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Frå administrasjonen: Jan Olav Osen, Olav Mongstad, Asbjørn Toft og Thomas Lindås

Dato, 18.03.2016

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
018/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
019/16	Godkjenning av møteprotokoll
020/16	Meldingar
021/16	Delegerte saker
022/16	Orienteringssak
023/16	Dispensasjon frå reguleringsplan i Heiane Bustadfelt- Gbnr. 156/164- Planid.1982001
024/16	Detaljregulering Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 - Planid. 2014003 - Offentleg ettersyn
025/16	Austrheim kommune sin uttale til 1. gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl.-Varsel om motsegn
026/16	Søknad om deling av ein bustadtomt på gbnr. 142/85 i Mastrevik
027/16	Klage på utsleppsløyve gjeve til bebygt eigedom på gbnr. 128/27 - Leirvåg
028/16	Søknad om frådeling på gbnr. 161/3 av tilleggsareal til grendahus på gbnr. 161/15-Øksnes- Dispensasjon
029/16	Planstrategi for Austrheim kommune - revisjon for perioden 2016 - 2020- Oppstart av arbeid
030/16	Framlegg offentleg høyring og ettersyn - kommuneplan 2016 -27 arealdelen
031/16	Utbyggingsavtale fortau og busslomme - Leirvågskrysset
032/16	Utbyggingsavtale fortau og busslomme - Toftegård
033/16	Sal av del av gnr. 141 bnr. 101 i Austrheim
034/16	Søknad om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss på grunn av farleg skuleveg
035/16	AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot for 2015
036/16	Rapporteringsrutiner økonomi
037/16	Budsjettoppfølging pr. januar 2016
038/16	Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 - Godkjenning
039/16	Klage på avslag på startlån

## **018/16: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Jorund Stellberg (H) hadde merknad til protokoll frå møte den 28.01.16 i sak 017 der vedtaket vart teke til vitande og vedtak i sak 014 der 3.kulepunkt vart strøke , men teksten vart allikevel nytta i annonsen der det vart søkt etter husvære.

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 018/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **019/16: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 019/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **020/16: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**FS - 020/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**021/16: Delegerte saker**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 021/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

---

**022/16: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Thomas Lindås leverte ut notat vedrørende rombehov ved kommunehuset og lokale for ambulansestasjon og orienterte om saka i møtet.

Formannskapet ynskte at det vart jobba vidare med sak vedrørende ambulansestasjon og sak vedrørende overflytting av biblioteket til Mastrevik Torg.

Formannskapet vert orientert om status i arbeidet vidare.

Ordførar Per Lerøy orienterte om status i arbeidet med tannhelsetenesta- Klinikstrukturplan 2015 - 2030. Under handsaming av saka i fylkestinget vart det vedteke under handsaming for Nord Tannhelsedistrikt fylgjande tillegg i pkt. b: " Lindås tannklinikkkvert flytta til Austrheim vgs når ny skule står ferdig".

Fellesframlegg:  
Orienteringane vert teke til vitande.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 022/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**023/16: Dispensasjon frå reguleringsplan i Heiane Bustadfelt- Gbnr. 156/164-  
Planid.1982001**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet gjev dispensasjon frå reguleringsplan Heiane Bustadfelt – Gbnr. 156/164 med planid. 1982001 som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved desse endringa får eit samanhengande og større friluftsområde/grøntområde gjennom bustadfeltet og to større tomotar (gbnr. 156/283 og gbnr. 156/284) som det kan byggjast ein tomannsbustad og ein firmannsbustad på. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Jorund Stellberg (H) til nytt avsnitt:  
Etter godkjent dispensasjon frå reguleringsplan vert sal av tomtane å leggje fram som nyhende på kommunen si heimeside.

Framlegget fekk 1 røyst (H) mot 4 røyster og fall.

Deretter vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

**FS - 023/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Formannskapet gjev dispensasjon frå reguleringsplan Heiane Bustadfelt – Gbnr. 156/164 med planid. 1982001 som omsøkt.

Grunngjeving for vedtaket er i hovudsak at ein ved desse endringa får eit samanhengande og større friluftsområde/grøntområde gjennom bustadfeltet og to større tomtar (gbnr. 156/283 og gbnr. 156/284) som det kan byggjast ein tomannsbustad og ein firmannsbustad på. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

---

## **024/16: Detaljregulering Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 - Planid. 2014003 - Offentleg ettersyn**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune legg detaljregulering for Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 med planid. 2014003 ut på offentleg ettersyn på vilkår slik planforslaget ligg føre.

Vilkåret er at rekkefølgekrav om at: «*Gang- og sykkeleveg O\_GV1 må vera bygd før det kan gjevast igangsettingsløyve til nye bygg i planområdet*» vert lagt inn føresegna før planen vert sendt ut til offentleg ettersyn. Planskildringa, plankartet og føresegnene er datert 08.12.2015.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Jorund Stellberg (H):

Austrheim kommune legg detaljregulering for Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 med planid. 2014003 ut på offentleg ettersyn på vilkår slik planforslaget ligg føre.

Vilkåret er at rekkefølgekrav om at: «*Gang- og sykkeleveg O\_GV1 må vera bygd før det kan gjevast i bruksløyve til nye bygg i planområdet*» vert lagt inn føresegna før planen vert sendt ut til offentleg ettersyn. Planskildringa, plankartet og føresegnene er datert 08.12.2015.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og Jorund Stellberg(H) sitt framlegg fekk 2 røyster(HogV).

### **FS - 024/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune legg detaljregulering for Mongstadporten Aust, Gnr. 130 Bnr. 93 med planid. 2014003 ut på offentleg ettersyn på vilkår slik planforslaget ligg føre.

Vilkåret er at rekkefølgekrav om at: «*Gang- og sykkeleveg O\_GV1 må vera bygd før det kan gjevast igangsettingsløyve til nye bygg i planområdet*» vert lagt inn føresegna før planen vert sendt ut til offentleg ettersyn. Planskildringa, plankartet og føresegnene er datert 08.12.2015.

Grunngjevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

---

## **025/16: Austrheim kommune sin uttale til 1. gongs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl.-Varsel om motsegn**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim kommune kjem med motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl om ikkje følgjande rekkefølgjekrav vert teke med i føresegna i den endelege detaljreguleringsplanen. Rekkefølgjekravet er:

***-Keilevegen frå Fv. 57 og forbi eigedom gnr, 130, bnr. 48 til Kjeilesundet skal opparbeidast med gang- og sykkelveg og vera ferdigbygd før igangsettingsløyve på tiltak i planområdet kan gjevast eller er sikra opparbeidd.***

Formannskapet viser elles til saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid og Jorund Stellberg

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Framlegg frå Jorund Stellberg (H) til nytt avsnitt:

Rekkefølgjekrav er oppfylt for det aktuelle utbyggingstiltaket dersom tiltaket er opparbeidd eller er «sikra opparbeidd», gjennom at utbygger/ grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Lindås / Austrheim kommune om gjennomføring av tiltaket.

Framlegget til rådmannen med framlegg til nytt avsnitt vart samrøystes vedteke.

### **FS - 025/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim kommune kjem med motsegn knytt til reguleringsplan for Keilen Vest, gbnr. 125/6 m.fl om ikkje følgjande rekkefølgjekrav vert teke med i føresegna i den endelege detaljreguleringsplanen. Rekkefølgjekravet er:

***-Keilevegen frå Fv. 57 og forbi eigedom gnr, 130, bnr. 48 til Kjeilesundet skal opparbeidast med gang- og sykkelveg og vera ferdigbygd før igangsettingsløyve på tiltak i planområdet kan gjevast eller er sikra opparbeidd.***

***Rekkefølgjekrav er oppfylt for det aktuelle utbyggingstiltak dersom tiltaket er opparbeidd eller " sikra opparbeidd", gjennom at utbygger/grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Lindås/Austrheim kommune om gjennomføring av tiltaket.***

Formannskapet viser elles til saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i Plan- og bygningslova §5-4.

---

## **026/16: Søknad om deling av ein bustadtomt på gbnr. 142/85 i Mastrevik**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår delingsløyve til ein bustadtomt på gnr. 142/85 på Mastrevik:

-Vilkår er at den frådelt tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

-Vilkår er at bustaden og andre bygg her skal ha lågare mønehøgde enn kote 30,5 meter over havet.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Formannskapet set vilkår om at omsøkt bustadtomt vert selt til takstpris eller til høgstbydane.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid, Jorund Stellberg og Reidar Øksnes

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Naboar: Kjell Dahle, Jørn Bernes og Kolbjørn Haugland

Anne Dahle Austrheim gjekk frå som inhabil under handsaming av saka.

Reidar Øksnes tiltrådde møtelyden under handsaming av saka.

Framlegg frå Reidar Øksnes (Sp):

Saka vert utsett til det ligg føre ein reguleringsplan for området.

Framlegget fekk 1 røyst (Sp) og fall.

Fellesframlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår delingsløyve til ein bustadtomt på gnr. 142/85 på Mastrevik:

-Vilkår er at den frådelt tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

-Vilkår er at bustaden og andre bygg her skal ha lågare mønehøgde enn kote 30 meter over havet.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.



Formannskapet set vilkår om at omsøkt bustadtomt vert selt til takstpris eller til høgstbydane.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 026/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår delingsløyve til ein bustadtomt på gnr. 142/85 på Mastrevik:

-Vilkår er at den frådelt tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup).

-Vilkår er at bustaden og andre bygg her skal ha lågare mønehøgde enn kote 30 meter over havet.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova si §§ 20-1, 21-4 og 26-1.

Formannskapet set vilkår om at omsøkt bustadtomt vert selt til takstpris eller til høgstbydane.

---

**027/16: Klage på utsleppsløyve gjeve til bebygt eigedom på gbnr. 128/27 - Leirvåg**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå naboeigedom til gbnr. 128/2 til følgje.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om utsleppsløyve gjort den 14.12.2015 (saksnr: 163/15). Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid og Jorund Stellberg

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Part/nabo: Svanhild og Bjarne Neteland, Kai Nilsen og Vidar Hole

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 027/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim tek ikkje klagen frå naboeigedom til gbnr. 128/2 til følge.

Formannskapet i Austrheim stadfester vedtak om utsleppsløyve gjort den 14.12.2015 (saksnr: 163/15). Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

---

**028/16: Søknad om frådeling på gbnr. 161/3 av tilleggsareal til grendahus på gbnr. 161/15-Øksnes- Dispensasjon**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 161/3 av tilleggsareal til bebyggt eigedom gbnr. 161/15 på Øksnes:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Tilleggsarealet skal samanføyast med gbnr. 161/15.

Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 028/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon til omsøkt frådeling på gbnr. 161/3 av tilleggsareal til bebyggt eigedom gbnr. 161/15 på Øksnes:

1. Oppmålingsforretning må skje innan tre år, om ikkje fell delingsløyvet ut.
2. Tilleggsarealet skal samanføyast med gbnr. 161/15.

Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

---

## **029/16: Planstrategi for Austrheim kommune - revisjon for perioden 2016 - 2020- Oppstart av arbeid**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som legg fram eit utfordringsdokument til styringsgruppa. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 029/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Formannskapet vedtek at Austrheim kommune sitt arbeid med planstrategi vert starta opp. Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet. Rådmannen set ned ei administrativ arbeidsgruppe som legg fram eit utfordringsdokument til styringsgruppa. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 10-1.

---

## **030/16: Framlegg offentleg høyring og ettersyn - kommuneplan 2016 -27 arealdelen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg til kommuneplan- arealdel 2016-2027, med tilhøyrande planskildring, føresegner og analyser/utgreiingar, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 030/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Framlegg til kommuneplan- arealdel 2016-2027, med tilhøyrande planskildring, føresegner og analyser/utgreiingar, vert lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova § 11-14.

---

## **031/16: Utbyggingsavtale fortau og busslomme - Leirvågskrysset**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre vil dekke kr. 2.070.000 av utbyggingskostnader for dette anlegget. Kostnaden for anlegget er kr . 5.899.500,-.

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 900.000,- til trafikksikring , prosjektnr.099. 033514, kr. 670.000, prosjektnr. 099.033527 og kr 500.000 prosjektnr. 099.32306 samla sum kr. 2.070.000,-

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

## **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid , Jorund Stellberg og Reidar Øksnes

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Frå part: Odd Haugen

Framlegg frå Jorund Stellberg(H):

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidrag skal nyttast i Austrheim kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Jorund Stellberg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 031/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vil dekke kr. 2.070.000 av utbyggingskostnader for dette anlegget. Kostnaden for anlegget er kr . 5.899.500,-.

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Anleggsbidraget vert finansiert ved avsatt kr 900.000,- til trafikksikring i 2015 , avsatt kr. 670.000 til gangveggar i 2015 og kr 500.000 til asfaltering i budsjett 2016, samla sum kr. 2.070.000,-

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidrag skal nyttast i Austrheim kommune.

---

## **032/16: Utbyggingsavtale fortau og busslomme - Toftegård**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre vil dekke 60 % av utbyggingskostnader for dette anlegget, kr. 480.180,-

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Det er i forslaget til budsjett Note 10 satt av kr 500.000,- til trafikksikring , prosjektnr. 033511.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

## **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Det var synfaring i saka der fylgjande deltok:

Frå Austrheim formannskap: Per Lerøy, Anne Dahle Austrheim, Siri Kaland, Jan Erik Espelid , Jorund Stellberg og Reidar Øksnes

Frå administrasjonen: Asbjørn Toft og Jan Olav Osen

Framlegg frå Jorund Stellberg(H):

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidrag skal nyttast i Austrheim kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg frå Jorund Stellberg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 032/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vil dekke 60 % av utbyggingskostnader for dette anlegget, kr. 480.180,-

Utbetaling av anleggsbidrag vert ikkje utbetalt før underskriven utbyggingsavtale føreligg. Anleggsbidrage vert finansiert ved avsatte midler til trafikksikring med kr 500.000,- i 2015.

Rådmannen utarbeidar utbyggingsavtale.

Rådmannen vert bedt om å utarbeide regelverk for korleis anleggsbidra skal nyttast i Austrheim kommune.

---

**033/16: Sal av del av gnr. 141 bnr. 101 i Austrheim**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv av 23.12.15 til Markhus Bolig AS vert teke til vitande.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 033/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Skriv av 23.12.15 til Markhus Bolig AS vert teke til vitande.

---

**034/16: Søknad om dispensasjon frå kilometergrensa for skuleskyss på grunn av farleg skuleveg**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre ser ikkje at det er kome inn vesentlege nye moment i saka. Søknaden om dispensasjon frå kilometergrensa for dei som søker fri skuleskyss i området rundt Bergsvik-krysset vart avslegen.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 034/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vert utsatt.

---

**035/16: AS Austrheim Næringssselskap - Søknad om tilskot for 2015**

**Rådmannen sitt framlegg:**

AS Austrheim Næringselskap vert tildelt tilskot for 2015 med kr. 116.000,-.  
Kostnaden kr. 116.000 med dekkja frå post 14903 802 1000 – Kommunestyre si tilleggsøyving.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 035/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

---

**036/16: Rapporteringsrutiner økonomi****Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyret vedtek rapporteringsrutinene økonomi:

1. Rapportering vert gitt 7 gonger i året, etter dei datoar som er sett opp i møteplanen dette året og dei neste åra. Dette innebær at normal budsjettoppfølging (driftsrapport og månadsrapport) og likviditet vert presentert 5 gonger i året. I tillegg kjem 1. og 2. tertialrapport. Rådmannen føreslår å avvikla balanserapportering, for den gir inga meining gjennom driftsåret.
2. Dersom viktige og kritiske hendingar oppstår mellom rapporteringane, vert dette rapportert så snart som mogleg direkte til formannskap og kommunestyret.

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 036/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

---

### **037/16: Budsjettoppfølgning pr. januar 2016**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim formannskap tek til vitande budsjettoppfølgning januar 2016 og likviditetsrapport.

#### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 037/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vert utsatt.

---

### **038/16: Eigarskapsmelding del 1,2 og 3 - Godkjenning**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre godkjenner eigarskapsmelding del 1,2 og 3 selskapsstyring, selskapsoversyn og oversikt eigedomar slik den ligg føre.

#### **17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke



**FS - 038/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

---

**039/16: Klage på avslag på startlån. Saka er ikkje offentleg**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**17.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:

Saka vert utsatt.

Framlegget vart samrøystes vedteke

**FS - 039/16 - 17.03.2016 - Vedtak:**

Saka vart utsatt.

---